



**Vågå  
kommune  
Fellestenester**

Finansdepartementet  
Postboks 8008  
0030 OSLO

## Melding om vedtak

**Vår ref.**  
2007/153/60/

**Dykkar ref:**

**Saksbehandlar**  
Sonja Tangen  
61293610

**Dato**  
27.06.2011

### **Særutskrift: Høyringsuttale om maksimumsverdi på eigedomsskatt for kraftverk**

Vedlagt følger særutskrift av sak 71/11 i formannskapet, den 21.06.2011.

Med helsing

Sonja Tangen  
Arkivansvarleg

Kopi til:  
LVK Postboks 1148 Sentrum 0104 OSLO



## Vågå kommune

Arkivsak: 2007/153 -58

Arkiv:

Saksbehandlar:

Hilde Reitan

| Utv.saksnr | Utval         | Møtedato   |
|------------|---------------|------------|
| 71/11      | Formannskapet | 22.06.2011 |

### Høyringsuttale om maksimumsverdi på eigedomsskatt for kraftverk

#### Saksframlegg:

Finansdepartementet har sendt ut på høyring forslag til endringar i høve maksimums- og minimumsreglane for eigedomsskatt på kraftverk. Finansdepartementet foreslår i sitt høyringsforslag at dagens regelverk ikkje skal avviklast, men at maksimums- og minimumsreglane justerast i åra framover for at vertskommunane skal få ein større del av ei eventuell inntektsauke i kraftsektoren samanlikna med dagens system.

Forslaget er ei rein inflasjonsjustering, og inneber i realiteten ei vidareføring av ei forelda ordning som ikkje har annan økonomisk verdi enn å sikre at kommunane sine inntekter ikkje fell i verdi. Ei vidareføring av maksimumsreglane er ikkje egna til å oppnå den føresette *"samanhengen mellom eigedomsskatten og lønsamheita"*. Heller ikkje ei framtidig inflasjonsjustering som departementet foreslår, vil bidra til å gje vertskommunane *"meir av verdiskapinga frå kraftverka"* og betyr i realiteten bortfall av store inntekter for vertskommunane.

Eigedomsskatt på vasskraftanlegg er ei viktig inntektskjelde for dei fleste av LVK sine medlemskommunar, og alle medlemskommunar står difor bak kravet frå LVK om at særordninga med minimums- og maksimumsreglar for eigedomsskatt på kraftverk må opphevast. På LVK sitt landsmøte i 2009 i Alta vedtok landsmøtet med meir enn 400 delegater frå medlemskommunane ein resolusjon med krav om at særordninga må opphevast. Resolusjonen var einstemmig, og er tidlegare sendt departementet. Ved sidan av dei viktige økonomiske sider for medlemskommunane, reiser saka også prinsipielle skatterettslige og skattepolitiske spørsmål som får konsekvensar for alle vasskraftkommunane i landet.

#### Vurdering:

Vågå kommune er av den oppfatninga av at formålet med innføringa av minimums- og maksimumsreglane er nådd for fleire år sidan. Ettersom grunnlaget for eigedomsskatten på kraftproduksjonsanlegg skal treffe marknadsverdiane, må reglane om minimums- og maksimumsverdiar nå fjernast. Minimums- og maksimumsverdiane var ledd i ei overgangsordning mellom nytt og gammalt skatteregime, og reglane var meint å vere midlertidige. Det er vanskeleg å forstå at ordninga med maksimumsverdi er i samsvar med grunnleggjande prinsipp i eigedomsskattelova.

For Vågå kommune sin del kjem hovuddelen av eigedomsskatteinntektene for kraftverk frå det lokale kraftselskapet Eidefoss AS. Dette selskapet utgjer ca 90 % av kommunens eigedomsskatteinntekter frå kraftselskap. I 2011 får Vågå kommune kr 5 173 000 i eigedomsskatteinntekter frå kraftselskap. Dette er ein reduksjon sett i høve til 2010.

Nær sagt alle kraftverk kor Vågå kommune har eigedomsskatteinntekter frå har nådd maksimumsverdien. I 2010 utgjorde inntektstapet ca kr 2 mill for Vågå kommune som følgje av makstaket. Desse midlane kunne kommunen ha nytta til tenesteproduksjon for sine innbyggjarar. Kommunen kom uheldig ut ved endringa i kostnadsnøklane til inntektssystemet frå 2011, noko som gjer at tenesteproduksjonen må reduserast.

Det lokale kraftselskapet Eidefoss AS er eigd av 5 kommunar og med lik eigardel på kvar. Maksimumsverdien på skattlegging av eigedomsskatt gjer at vår kommune mister inntekter til nabokommunane ved at selskapet går med større overskot og at utbyttet som blir delt likt på eigarkommunane blir større.

Det har i dei siste åra vore slik at kraftselskapa har gått med stadig større overskot. Dette har mellom anna årsak i at kraftføretaka får større skatterabatt i takt med aukande kraftprisar. Det rimar da ikkje at vertskommunen samstundes får aukande skatteta og at kommunanes eigedomsskatteinntekter blir redusert i realverdi kvart år.

#### Kapitaliseringsrente for verdsetting av kraftanlegg

Vurderinga som ligg til grunn for fastsetting av risikofri realrente i Finansdepartementet sin rettleiar i samfunnsøkonomiske analyser bør også nyttast som utgangspunkt for å fastsette risikofri realrente for berekning av marknadsverdi for vasskraftanlegg. Dette for å unngå for store svingingar frå år til år. Vidare bør Finansdepartementet fastsette risikopåslaget direkte med utgangspunkt i vurderingar av grunnleggjande marknadsforhold.

#### **Rådmannens innstilling:**

Formannskapet sluttar seg til framlegg til høyringsuttale.

#### **Saksprotokoll i Formannskapet - 22.06.2011**

#### **Behandling:**

Samrøystes

#### **Vedtak:**

Formannskapet sluttar seg til framlegg til høyringsuttale.